



**Kommunal- og  
moderniseringsdepartementet**

**Postboks 8112 Dep.**

**0032 OSLO**

| Dykkar ref. | Vår ref. | J.post id. | Arkiv  | Dato       |
|-------------|----------|------------|--------|------------|
|             | 13/354-5 | 14/8355    | N-373/ | 21.08.2014 |

## **Søknad om å ta del i fylkes- og kommuneretta arbeid med universell utforming 2014 – 2015. Prosjektmidlar. Statsbudsjettet kap. 0847.71**

Ullensvang herad søker med dette om prosjektmidlar og ønskjer å ta del i fylkes- og kommuneretta arbeid med universell utforming 2014 – 2015. Vonar søknaden kan verte tatt med, sjølv om den kjem inn ein dag for seint.

Heradet har gjennomført ei kartlegging av tilgjengeligheit for funksjonshemma i offentlege bygg. Kartlegginga, i form av synfaring på kommunale bygg, vart gjennomført den 5. og 12. mai 2011. Synfaringa resulterte i eit dokument kalla *Kartlegging av tilkomst til offentlege bygg for funksjonshemma i Ullensvang herad*. Dokumentet vart sendt til rådmannen.

I 2012 vedtok heradsstyret *Planstrategi for Ullensvang herad 2012-2016*, som stadfestar at arbeid med *Handlingsplan for universell utforming* skal starta i 2013. Ein handlingsplan er ein tiltaksplan som skal vere eit grunnlag og verktøy for årsplanlegging og rapportering. Føremålet med planen er å systematisera og prioritera tiltak til universell utforming og økt tilkomst.

Arbeidet med handlingsplanen er starta, men i 2014 har arbeidet stoppa noko opp på grunn av manglande administrativ kapasitet og fråver blant pådrivarar i Råd for funksjonshemma. Heradet ønskjer å koma sterkare attende til dette snarleg. Prosjektmidlar ville naturleg nok gje inspirasjon til å kome i mål med handlingsplanen og prioritere utbetringar.

Med von om eit positivt svar,

Ullensvang herad

Kent Geirmund Håkull  
Planleggjar

*Sakshandsamar sin tlf:* 53671516  
*Sakshandsamar si e-postadr.:* kent.hakull@ullensvang.herad.no

Kopi til arkiv og kopibok